

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Pauline Tomren (MDG) sette på vegner av MDG, A, Sp, SV, V og Krf fram slikt forslag til fråsegn:

«La Mustafa få bli!

18 år gamle Mustafa Hasan som har budd 13 år i Noreg, har fått beskjed om at han blir tvangssendt til Jordan i desember - eit halvt år før han får fullført VGS. Han har vore under barnevernet si omsorg sidan han var 15 år. Bror hans som er eit år eldre får bli, medan han sjølv blir sendt ut av landet.

Vestland fylkesting meiner at forholda samla sett for Mustafa Hasan tilseier at permanent opphald bør innvilgast. Den fysiske og psykiske helse bør vegast tungt, samt at hensynet til det langvarige opphaldet i Norge på 13 år også bør vektleggjast tungt. Det følger elles av forskrift (§ 8-5) til utlendingsloven at hensynet til et barns tilknytning til riket skal tillegges særlig vekt. Tvangsutsending av Mustafa kan vere i strid med Grunnloven og FN si barnekonvensjon. Derfor meiner Vestland fylkesting at Mustafa Hasan må få bli i Noreg.»

Avrøysting

Det var 64 medlemmer til stades.

Tomren sitt forslag vart vedteke mot 13 røyster (Frp, PP, 4 H og 2 FNB)

Vedtak

Fråsegn vedteke oversendt til Justis- og beredskapsdepartementet, Justiskomiteen, Utlendingsnemnda og Vestlandsbenken:

La Mustafa få bli!

18 år gamle Mustafa Hasan som har budd 13 år i Noreg, har fått beskjed om at han blir tvangssendt til Jordan i desember - eit halvt år før han får fullført VGS. Han har vore under barnevernet si omsorg sidan han var 15 år. Bror hans som er eit år eldre får bli, medan han sjølv blir sendt ut av landet.

Vestland fylkesting meiner at forholda samla sett for Mustafa Hasan tilseier at permanent opphald bør innvilgast. Den fysiske og psykiske helse bør vegast tungt, samt at hensynet til det langvarige opphaldet i Norge på 13 år også bør vektleggjast tungt. Det følger elles av forskrift (§ 8-5) til utlendingsloven at hensynet til et barns tilknytning til riket skal tillegges særlig vekt. Tvangsutsending av Mustafa kan vere i strid med Grunnloven og FN si barnekonvensjon. Derfor meiner Vestland fylkesting at Mustafa Hasan må få bli i Noreg.

Protokollmerknad

Dan Stian Femoen (H) sette fram slik protokollmerknad:

Asylsaker har store konsekvenser for menneskers liv, og det er ikke vanskelig å ha sympati for enkeltindivid som får avslag på sin oppholdstillatelse, særlig for unge mennesker med lang botid i landet.

Likebehandling og forutsigbarhet er allikevel helt avgjørende for vår tillit til asylinstituttet.

Saksbehandlingen av asylsaker håndteres av Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og domstolene. Fylkestinget har ikke myndighet til å overprøve denne vurderingen. Sakene er ofte kompliserte og sammensatte, og krever stor innsikt i både faktum og juss. Fylkestinget har ikke tilgang til denne dokumentasjonen, og mangler derfor et helt avgjørende grunnlag til å vurdere saksbehandlingen i konkrete saker.

På bakgrunn av dette, og på prinsipielt grunnlag, er det ikke riktig at fylkestinget går inn og vurderer enkeltsaker.

John Andre Kongsvik (H) stilte seg bak Femoen sin protokollmerknad.